

Arkiv:

Arkivsaknr: 21/627-7

Sakshandsamar: Anne-Merete Vabø Haugane

SAKSFRAMLEGG

SAKSGANG

--	--	--

Nedlegging av Blomvåg skule og påfølgjande skulekrinsjustering

Samandrag:

I samband med budsjett 2021 har kommunestyret bede om sak som vurderer nedlegging av Blomvåg skule, og overføring av elevane til skulane på Rong og Tjeldstø. Nedlegging av Blomvåg skule vil ha ei stipulert årleg samla innsparing på omlag 4,3 mill. kr, under føresetnad av at kommunen ikkje har utgifter på bygget etter nedlegging av skulen. Eventuelt sal er ikkje teke omsyn til i saka.

Kommunedirektøren meiner det er argument både for og mot nedlegging av Blomvåg skule, men vil i ei heilskapleg vurdering for kommunen tilrå at kommunen lagar ein overordna skulebruksplan, før ein legg ned skular. Denne er naturleg å ta etter at samfunnsplanen er ferdig, slik at planane heng saman og understøtter kvarandre.

Dersom kommunestyret vedtek å legge ned Blomvåg skule, må det samstundes gjerast vedtak om justering av skulekrinsgrenser i dette området. Saka er utgreidd etter ein modell der skulekrinsgrensa mellom Rong og Tjeldstø går ved ved Osundet, og kommunedirektøren vil tilrå ei slik justering av skulekrinsgrensene ved ei eventuell nedlegging.

Innstilling til vedtak :

Kommunestyret vedtek å ikkje legge ned Blomvåg skule.

Dokument vedlagt saka:**Saksopplysningar:****Bakgrunn**

Øygarden kommune er i ein særskild krevjande økonomisk situasjon. Kommunestyret har sett i verk ein økonomisk snuoperasjon med mål om å få budsjett og økonomiplan i balanse. I samband med behandling av årsbudsjettet for 2021 i kommunestyremøte 17.12.20 vart det gjort vedtak om å greie ut mogleg nedlegging av Blomvåg skule og overføring av elevane til Rong og Tjeldstø (PS 182/20, pt. 34).

I UTL 29.04.21 gjorde UTL vedtak i UTL-sak 24/21 om at utvalet ynskjer ytterlegare informasjon (hovudsakleg knytt til bygningsmassen) i høyringsframlegget, før utvalet skulle behandle saka på nytt. Kommunedirektøren har utgreidd saka vidare i tråd med vedtaket.

Saksgang

Ettersom kommunen har gjeve forskrift om skulekrinsgrenser, må det i tillegg til eventuelt vedtak om nedlegging, også skje ei etterfølgjande endring av forskrifta om skulekrinsgrensene. Områda som soknar til skulen som eventuelt vert lagt ned, må etter nedlegginga sokne til andre skular i kommunen. Dette gjer det naudsynt med ei forskriftsendring. Det kan påverka institusjonar og organisasjonar, bl. a. foreldrerådet eller samarbeidsutvalet ved dei einskilde skulane i kommunen, og også andre dersom det er naudsynt for å få saka allsidig opplyst. Desse må få uttale seg før forskrifta vert endra (jf forvaltningslova kap. VII). Det følgjer av Justis- og beredskapsdepartementet sine retningslinjer om forskriftsarbeid for kommunar at høyringsfrist normalt skal vere to månadar, men at fristen kan vere noko kortare dersom saka hastar.

Ei sak som vurderer nedlegging av ein skule har ikkje same formelle lovkrav til seg, men saka må likevel vere tilstrekkeleg utgreidd. I ei sak om skulenedlegging betyr dette at kommunestyret skal ha rimeleg kjennskap til synspunkta til dei som vert påverka av nedlegginga. Dette omfattar blant anna ulike råd, utval og organisasjonar ved skulen, andre brukarar av skulen, grendalag og fagforeiningar, samt Skys.

På bakgrunn av dette, samt at ei eventuell krinsendring i dette området utelukkande vil vere eit direkte resultat av ei nedlegging, er vurdering av nedlegging og påfølgjande krinsendring samla i ei sak. Når saka vert handsama politisk, ligg høyringssvara vedlagt, slik at dei folkevalde kan ta omsyn til desse.

Merk at dersom kommunestyret først vedtek å justere skulekrinsgrensene, for deretter å vedta nedlegging av skule, utløyser dette ny høyringsprosess.

Juridisk rammeverk for skulenedlegging

Verken opplæringslova eller anna regelverk styrer når det er lovleg eller ulovleg å leggje ned eller opprette ein skule. Avgjerla må rett og slett byggje på kommunestyret sine økonomiske, politiske og samfunnsmessige prioriteringar. Som følgje av at barnekonvensjonen er tatt inn i norsk rett ved menneskerettslova i 2003, er kommunen likevel forplikta til å leggje vekt på barnet sitt beste i slike saker.

Merk at vedtak om endring av skulestrukturen, til dømes nedlegging av ein skule, ikkje er eit einskildvedtak etter forvaltningslova.

Juridisk rammeverk for justering av skulekrinsgrenser som følgje av nedlegging

Ved fastsetting av skulekrinsgrenser kan kommunen ikkje legge vekt på omsyn som vil vere i strid med nærskuleprinsippet eller opplæringslova sine formål. Døme på dette kan vere "lik belastning" på kommunen sine skular, oppretthalding av skular med svakt elevgrunnlag, spreiding av fagleg sterke og svake elevar, osv. Nærskuleprinsippet slår fast at grunnskuleelevar har rett til å gå på den skulen som ligg nærast eller ved den skulen i nærmiljøet som dei soknar til (opplæringslova § 8-1 første ledd første punktum). Andre punktum i opplæringslova § 8-1 vedkjem saksbehandlinga, og opnar for at dei einskilde kommunane kan gje kommunale forskrifter om kva skular dei ulike områda i ei kommune skal sokne til. Det er dette som meinast med skulekrinssgrenser.

Utdanningsdirektoratet har i si [tolkingsuttale datert 12.12.14](#) presisert følgjande når det kjem til kva som skal reknast som nærskulen:

Hva som skal regnes som nærskolen avgjøres av en rekke forhold omtalt i opplæringslovens forarbeider, jf NOU:18 1995 og Ot.prp. nr. 46 (1998-1999). Det skal tas utgangspunkt i geografi, men også andre objektive forhold som topografi og farlig skolevei er relevante hensyn. [...]

Det vil imidlertid være forskjeller mellom kommunene når det gjelder skolestruktur (både geografisk plassering og inndeling av barne- og ungdomstrinn), standard på vei, topografi

osv. Den kommunale adgangen til å fastsette forskrift om skolekretsgrenser vil derfor innebære en forvaltning av nærskoleprinsippet slik loven tillater at det kan praktiseres i den enkelte kommune. I distriktskommuner kan topografiske forhold som elv, skog, farlig vei og rasfare (herunder trygg skyssordning) kunne tilsi at geografiske nærhet må vike for konkret vurdert sterkere hensyn. I byen kan ofte trafikale- eller bygningstekniske forhold tilsi at en skole ikke kan bygges ut.


I tillegg kan eksisterende boligområder oppleve generasjonsendringer med økt barnetetthet, noe som er utenfor kommunens kontroll, i motsetning til utlegging av nye boligområder. [...] Det er imidlertid en svært begrenset adgang til å legge vekt på kapasitet, både ved avgjørelsen av enkeltsaker og ved fastsettelse av forskrift om skolekretsgrenser.

Eventuelt nye skulekrinsgrenser i området

I utgreiinga har ein lagt til grunn følgjande justering av skulekrinsgrensene i det påverka området: Tjeldstø skulekrins vert utvida sørover til Osundet. Rong skulekrins vert utvida nordover til Osundet.

Brua over Osundet er eit naturleg skilje mellom skulekrinsane, også i forhold til avstand og bustadsmønster. Ein ynskjer t.d. ikkje å splitte opp byggefelt. Som det kjem fram elles i saka syner tal for elevkapasitet at skulane på Rong og Tjeldstø har god kapasitet til å ta i mot elevar frå Blomvåg dersom skulen vert lagt ned, om skulane kan dele på elevane. Det er ikkje eit alternativ å flytte alle elevane frå Blomvåg samla til ein skule, då verken Rong eller Tjeldstø skular vert vurdert til å ha god nok kapasitet til å ta i mot alle elevane frå Blomvåg.

Framlegg justerte krinsgrenser:



Dagens krinsgrenser:



Meir detaljert informasjon finnst i kommunen si kartløyising. Instruksjonar og lenke ligg [her](#).

Oversikt over reiseavstand for berørte bygder til Blomvåg skule/ved nedlegging av Blomvåg skule (henta frå NAF sin ruteplanleggar frå om lag midtpunkt i bygdene):

	Dagens reiseavstand	Med endring
Rossnesfeltet	3,6 km, 5 min bil/11 min sykkel til Blomvåg skule	4,7 km, 7 min bil/15 min sykkel til Tjeldstø skule
Breivik	6,0 km, 8 min bil/19 min sykkel til Blomvåg skule	5,4 km, 8 min bil/17 min sykkel til Tjeldstø skule
Blomvåg/Dale (Bårdalslia)	1,1 km, 3 min bil/5 min sykkel til Blomvåg skule	4,9 km, 7 min bil/16 min sykkel til Rong skule
Blomvåg aust (Blomgangstø)	1,0 km, 3 min bil/6 min sykkel til Blomvåg skule	3,3 km, 6 min bil/11 min sykkel til Rong skule

Elevtal

Nyfødde:

Fødselsår	Skulestart	Tjeldstø	Blomvåg	Rong
2015	2021	11	23	15
2016	2022	5	20	19
2017	2023	14	17	14
2018	2024	11	19	16
2019	2025	4	14	10
2020	2026	5	7	14

Grunnkrinsar/ fordeling etter adresse:

Grunnkrinsar innanfor Blomvåg skulekrins. Breivik er nord for Osundet og går dermed til Tjeldstø skule om nedlegging av Blomvåg skule. Vestre og Austre Blomvåg er sør for Osundet og får dermed til Rong skule, dersom nedlegging av Blomvåg skule.

Fødselsår	Breivik	Vestre Blomvåg	Austre Blomvåg
2015	9	10	4
2016	11	5	4
2017	9	5	3
2018	11	4	4
2019	2	6	6
2020	2	4	1


Elevtalsfordeling utan nedlegging av Blomvåg skule:

Elevtal ->	2015 -16	2016- 17	2017- 18	2018- 19	2019- 20	2020- 21	2021 -22 (f.15)	22/ -23 (f.16)	23/ -24 (f.17)	24/ 25 (f.18)	25 -26 (f.19)	26/- 27 (f.20)
Tjeldstø	82	89	82	74	74	76	72	67	73	69	65	61
Blomvåg	98	108	111	106	93	94	108	111	114	121	121	128
Rong	127	132	93	146	146	134	124	117	110	105	99	97

Elevtalsfordeling ved nedlegging av Blomvåg skule 2022/23:

Elevtal ->	2015 -16	2016- 17	2017- 18	2018- 19	2019- 20	2020- 21	2021 -22 (f.15)	22/ -23 (f.16)	23/ -24 (f.17)	24/ 25 (f.18)	25 -26 (f.19)	26/-27 (f.20)
Tjeldstø	82	89	82	74	74	76	72	115	123	126	117	109
Blomvåg	98	108	111	106	93	94	108	0	0	0	0	0
Rong	127	132	93*	146	146	134	124	180	174	169	168	164

*elevane på mellomtrinnet på Rong skule gjekk til Toftøy skule grunna byggearbeid ved Rong skule.



Tabellen viser elevtalsutviklinga sidan oppstarten av Tjeldstø skule 2015/16. Elevtalet ved barneskulane i den nordre delen av kommunen har hatt ein svak nedgang dei siste åra. Av dei fire barneskulane er det berre Blomvåg skule som har fleire elevar i 2021/22 enn dei hadde i 2015/16.

Vidare vekst og arbeidspendling i området

Når det gjeld tilgjengeleg datagrunnlag for vidare vekst i området, vert det vist til [drøftingsgrunnlaget](#) (direktelenke) for kommuneplanen sin samfunnsdel. I dette drøftingsgrunnlaget er det vist til prosessar som vil vere relevante, som generell omtale av inn-og utpendling, kollektivtilbod og demografisk oversikt. Vidare vert det vist til den komande rapporten frå EY kring framtidige næringsstrategiar, som vil gje ein peikepinn på retning i framtidig nærings- og samfunnsutvikling. Sotrasambandet, ny godshamn til Ågotnes og Northern Lights truleg vil truleg vera dei viktigaste drivarane i samfunnsutviklinga. Korleis denne utviklinga i eit lengre perspektiv vil påverke nærområdet til Blomvåg, er meir usikkert.

Det skal også arbeidast vidare saman med Skyss for å få ei RVU (reisevaneundersøking) meir tilpassa kommunenivået. Ei slik undersøking vil kunne gje betre data på mobilitet i befolkninga og kan vere eit godt kunnskapsgrunnlag for ulike beslutningar.

Kommunen har ikkje oppdaterte tal på arbeidspendling til/frå dei store industrianlegga i nærområdet til Blomvåg. Ser ein på eldre undersøkingar for tidlegare Øygarden kommune, er det høgare utpendling enn innpendling til kommunen, og om lag 50% av dei yrkesaktive i kommunen pendla dagleg, der vel 1000 personar pendla ut av kommunen og om lag 400 pendla inn til kommunen.

Opplysningar frå Equinor tilseier at det er knytt om lag 540 tilsette til arbeidsplassane på Kollsnes og Stura. Dette er tilsette både i Equinor og i ulike prosjekt/leverandørindustri. Talet vil naturleg nok variere alt etter aktivitetsnivå. Eit anslag tilseier at om lag 200 personar bur utanfor kommunen og pendlar inn til kommunen. Det er prosentvis noko høgare innpendling frå personell tilknytt leverandørindustri/prosjektretta oppdrag. Ser ein på dei om lag 340 som reiser til jobb på Kollsnes og Stura, som har adresse i Øygarden kommune, har om lag 100 personar postadresse Rong, Tjeldstø eller Hellesøy. Det vil seie at om lag 240 personar pendlar inn frå andre deler av kommunen. Det er nærliggande å tru at trenden vil vere om lag tilsvarande for ein «normalarbeidsplass» i Energiparken, utan at dette er nærare undersøkt.

Areal og elevkapasitet

Den politiske bestillinga frå UTL 29.04.21 legg til grunn at administrasjonen skal gje eit oversyn over areal klasserom, arealnrm og spesialrom på den einskilde skule. Vidare er det ut frå dette bedt om ei vurdering av mogleg elevkapasitet og godkjent elevkapasitet. Det vert også vist til høyringsuttale frå SU (Samarbeidsutvalet) ved Tjeldstø skule i samband med høyring av budsjett for 2021 som eit utgangspunkt for ei slik vurdering.

Alle skular og barnehagar er underlagt forskrift om miljøretta helsevern. Forskrifta har som formål å fremje folkehelse og bidra til gode miljømessige forhold både for tilsette, elevar, eller dei som bur i nærområda. Denne forskrifta regulerer kommunen sitt arbeid og er verkemiddel innan miljøretta helsevern. Verksemdar som vert omfatta av forskrifta skal vere godkjent av kommunen.

Søknad om godkjenning etter forskrift om miljøretta helsevern skal leggjast fram for godkjenningssmynde når det ligg føre planar for etablering av ny verksemd, utviding av eksisterande verksemd, eller endring av verksemda. I ein slik søknad skal det framgå kor mange barn/elevar og tilsette verksemda er berekna for.

Det vil vere ulike tilhøve som styrer kor mange elevar ein skule kan vere godkjend for. Norm for undervisningsareal pr elev kan variere mellom minimum 2,5 m² i klasserom som ikkje har tilleggsareal (grupperom og liknande) i umiddelbar nærleik, ned til 2 m² for klasserom som har tilleggsareal knytt til klasserommet. Det er likevel andre tilhøve som vil vere med å påverke kor mange elevar skulen kan godkjennast for. Dette er til dømes:

- Krav til uteareal for elevar bør følgje generell tilråding på 50 m² pr elev, men ei godkjenning etter miljøretta helsevern vil vurdere uteareal etter fleire kriterium som kvalitet, variasjon og t.d. tilgang på naturtomt.
- Garderobeplass og ulike krav knytt til dette.
- Sanitæranlegg, antal toalett skal vere tilpassa skulen sitt behov. Minimumskrav vil vere eit toalett pr 20 elev. Antal toalett tilpassa brukarar av rullestol vil avhenge av skulen sin storleik og utforming. Minimumskrav er eitt HC-toalett. Vidare er det krav til tal vaskar, stellerom for funksjonshemma elevar osb.
- Krav til byggeteknisk standard, kapasitet på ventilasjon, universell utforming, osb.

Det er det dei objektive kriteria som følgjer av godkjenningssprosess ved miljøretta helsevern, som ligg til grunn for kor mange elevar ein skule kan godkjennast for. Vurderingar av mogleg elevtal basert på subjektive vurderingar kring areal for klasserom, spesialrom, osb., kan ikkje leggjast til grunn før det er vurdert i ein samla godkjenningssprosess. Kommunen kjøper pr i dag tenestene til saksbehandling kring tilsyn og godkjenning etter miljøretta helsevern frå Bergen kommune. Ein prosess for godkjenning vil hovudsakleg følgje denne saksgangen:

- Med bakgrunn i enten etablering av ny verksemd, ombygging eller regodkjenning vert det gjennomført eit tilsyn på skulen. Det vil vera Bergen kommune v/Helsevernenheten som gjennomfører tilsynet, saman med representantar frå eigedom, reinhald og rektor.
- Tilsynet genererer ein tilsynsrapport, der eventuelle manglar vert peika på gjennom pålegg om retting. Det vert sett ein frist til å gjennomføre påpeikte manglar.
- Når manglar er retta, vert det sendt ut førehandsvarsel om helseverngodkjenning, med frist for eventuelle merknadar til innhald/føresetnader.
- Framlegg til vedtak vert utforma av Helsevernetaten i Bergen, men det er kommuneoverlegen i Øygarden som fattar vedtaket om helseverngodkjenning.
- Vedtaket til kommuneoverlegen kan påklagast av partar med rettsleg klageinteresse, som t.d. rektor, FAU, elevråd, osb. Det er Statsforvaltaren som er klageorgan dersom kommuneoverlegen ikkje gjer om eige vedtak.

Status for dei tre skulane når det gjeld godkjenning etter forskrift om miljøretta helsevern:

Tjeldstø skule:

Skulen vart teken i bruk i 2015 og søkte om godkjenning etter forskrifta 10.05.2016. Skulen er planlagt og bygd for ein elevkapasitet på 100 elevar, og ved førehandsvarsel om helseverngodkjenning datert 24.03.21 låg dette elevtalet til grunn. Skulen gav merknadar til førehandsvarselet 25.03.21, og argumenterte med bakgrunn i tilgjengeleg areal og mogleg tilrettelegging at elevkapasiteten kunne vere høgare (jf innspel frå SU til budsjett 2021). Bergen kommune v/Helsevernenheten har 15.04.21 sendt over framlegg til vedtak til kommuneoverlegen i Øygarden, som gjorde vedtak 20.05.21. Det er konkludert med at skulen har ein normalkapasitet på 136 elevar med grunnlag av areal i trinn/klasserom med fråtrekk for areal til lærarar og tilgang på tilfredsstillande tal grupperom. Spesialrom vert ikkje rekna med i kapasitetsvurderinga så lenge det ikkje er tilrettelagt for trinn/klasserom. Skulen har og tilfredsstillande toalett-kapasitet og uteareal til å handtere auka i elevkapasitet.

Rong skule:

Rong skule har sidan søknad vart sendt 04.04.2019 vore i prosess for å bli helseverngodkjend. Den 04.05.2021 vart skulen godkjend etter forskrift om miljøretta helsevern, med ein normalkapasitet på 180 elevar. I vedtaket heiter det at det er rektor sitt ansvar å sjå til at fordelinga av elevar er slik at arealnorma på 2 – 2,5 m² vert etterlevd.

Blomvåg skule:

Skulen er 11. juni 2003 godkjend etter forskrift om miljøretta helsevern i kommunestyresak 32/03. Godkjenninga nemner ikkje elevtalet som kan reknast som normalkapasiteten til skulen. Det er i tidlegare sak lagt til grunn ein normalkapasitet for skulen på 178 elevar, dette med bakgrunn i arealnorm og tilgjengeleg undervisningsareal. (Elevkapasitet kan berre reknast ut frå tilgjengeleg undervisningsareal, og ein kan ikkje rekne med areal som ikkje er bygd, jf. oppfølgingspunkt i UTL 29.04.21.) Blomvåg skule er under regodkjenning etter miljøretta helsevern. Det vart mars 2021 gjennomført tilsyn på skulen, men tilsynsrapport ligg ikkje føre pr. dags dato. Dersom prosessen for å få regodkjent Blomvåg skule følgjer tidslinja til andre tilsvarande saker, vil skulen truleg få endeleg godkjenning innan utgangen av året. Denne godkjenninga vil då fastsetje normalelevtal ut frå dei objektive kriteria i regelverket.

Kort oversyn over areal Blomvåg skule:

Klasserom i dagleg bruk	Fellesrom nytta til undervisning	Rom som vert nytta til gruppe- og individuell undervisning
Klasserom 101: 73,5 kvm Klasserom 106: 64,6 kvm Klasserom 108: 56,3 kvm Klasserom 149: 83,7 kvm Klasserom 201: 55,6 kvm Klasserom 207: 55,5 kvm Klasserom 210: 56,3 kvm	Bibliotek 115: 46,4 kvm Musikkrom 144: 103 kvm Gymsal 124: 125 kvm Kjøkken 140: 89 kvm Kunst & Handverk/Sløyd 150 : 83,7 kvm Vestibyle 132: 78,6 kvm SFO-bygg	Grupperom 202: 19 kvm Grupperom 204: 18,8 kvm Grupperom 215: 16,1 kvm Konferanserom 214: 11,3 kvm Grupperom 107: 15,6 kvm

Som nemnd har helsevernetaten i mars månad gjennomført tilsyn i samband med regodkjenning etter miljøretta helsevern. Det er gjort arealvurderingar av klasserom og grupperom, osb., for å kunne gje ei tilråding på normalkapasitet for elevar. Elevkapasitet ved alle skular skal i fylgje den faglege helseverngodkjenninga, reknast med bakgrunn i storleiken på klasseromma med fråtrekk for 6m² for kvart klasserom som vert rekna som arbeidsplass for lærar. Dersom grupperomma er lett tilgjengelig til klasseromma kan ein leggja til grunn 2m² pr. elev og om ein ikkje har slike rom tilknytt klasseromma, skal ein bruka 2,5 m² pr. elev. Spesialrom og allrom vert ikkje rekna med i vurdering av elevkapasitet for skulen. Førebels vurdering kring normalkapasitet for Blomvåg skule etter tilsynet i mars ligg på om lag 180 elevar. Det må likevel presiserast at endeleg godkjent normaltall vil først liggje føre når kommuneoverlegen har fatta vedtak om godkjenning etter forskrift om miljøretta helsevern.

Tilstand på skulebygga

Utgangspunktet er at alle disse tre bygga har ein god standard rekna ut frå byggeår og normal slitasje. Tjeldstø og Rong skular framstår som tilnærma nye bygg og må kunne reknast å ha ein byggt teknisk standard som «meget god», og har ikkje behov for oppgraderingar som medfører vesentlege kostnader for å eventuelt kunne ta i mot elevane frå Blomvåg. Blomvåg skule er nyleg rehabilitert ute og inne.

Tidlegare Øygarden kommune gjennomførte i 2017 ein forenkla tilstandsanalyse for ulike kommunale bygg, for å ha eit kunnskapsgrunnlag til seinare prioriteringar innan vedlikehald. For skulane på Tjeldstø og Rong vart ikkje denne tilstandsanalysen gjennomført sidan desse skulane enten var nybygde eller det pågjekk ei totalrestaurering. Under følgjer ei kortfatta tilstandsvurdering av dei tre bygga:

Rong skule:

Rong skule vart totalt rehabilitert og påbygd i åra 2017 – 2018. Utbygginga vart gjennomført i samsvar med byggeløyve og dei vilkåra som vart sett der. Gymsalen vart ferdigstillt i 2019. Skulen framstår som ein moderne og fleksibel skule utan synleg slitasje etter snart 3 år med skuledrift etter nyopninga.

Tjeldstø skule:

Tjeldstø skule stod ferdig i 2015 og vart bygd etter krava i TEK 10. Den byggt tekniske tilstanden er god og skulen framstår utan nemneverdig synleg slitasje etter snart 6 år med skuledrift.

Blomvåg skule:

I 2017 vart det gjennomført ei tilstandsvurdering av skulebygget på Blomvåg og uteområdet deira. Følgjande er henta frå forenkla tilstandsvurdering utarbeidd av HR- bygg (oktober 2017):

Denne rapporten omhandlar Blomvåg skole. Befaringen er utført sammen med vaktmester på bygget samt rådgivende ingeniør ventilasjon. Bygningen er delt opp i 2 byggetrinn, den eldste delen er fra 60- talet, mens den nye delen er fra 2003. Den nye delen framstår som normalt slitt etter alderen og bruksområde. Det er påvist en god del skader på takrenner samt skitt på takstein. På den eldre delen fra 60 – talet er det store mangler. Det er observert vindusbrett hvor det er mistanke om asbest, dette må undersøkes snarest. For øvrig er det stor slitasje på enkelte innvendige flater, flere vinduer som burde skiftes samt dårlig kledning. Dette gjelder også på SFO bygget. Uteområdene ved SFO bærer også preg av stor slitasje, her anbefalest det en utskifting av de forskjellige lekeapparatene, spesielt sandkassen. Tekniske anlegg er generelt godt vedlikeholdt og oppgradert delvis i 2003. Det er i tillegg utført endringer på ventilasjonsanleggene (kanaler og ventiler) i 2016. Ventilasjonsanleggene går i døgndrift grunnet høye verdier på Radon i bygget.

I etterkant av denne rapporten er mange av dei punkta som er nemnde i tiltakslista utbetra. Dette gjeld mellom anna:

- Heile skulen vart malt utvending i 2019. I den samanheng vart naudsynt kledning og murpuss bytta/utbetra. I tillegg vart øydelagte vassbrett under vindauga skifta.
- Gymsal utbetra for lyd og gjenklang i 2019.
- Nytt dekke i ballbinge i 2019.
- Radonproblematikk vart utbetra i 2018.
- Plassar med dårleg drenering vart utbetra i 2019.
- Infrastrukturen rundt skulen vart oppgradert i samband med etablering av ny barnehage i nærleiken.

Eining for eigedom, drift og vedlikehald har tidlegare konkludert med at det frå tilstandsrapporten er to tilhøve som står att: Oppgradering av ventilasjon og SD-anlegg. Når det gjeld SD anlegg, så var dette nytt i 2003 og fungerer heilt tilfredsstillande i dag. Det er difor ikkje noko umiddelbart behov for å utbetre eller erstatte dette i næraste framtid. Einskilde behov for oppgradeing av ventilasjon er og skidra i tilstandsvurderinga. Hovudventilasjonen i bygget fungerer bra, men det er nokre mindre

utfordringar knytt til einskilde rom. Døme på dette er rom 115 Biblioteket, trapperom, lager, og eige avtrekksystem for keramikkovn. Kostnadsestimater for desse utbetringane var i 2017 rekna til om lag kr 260.000. I tillegg er det i rapporten nemnd framtidig behov for utskifting av ein kryssvekslar med ein meir funksjonell versjon. Dette er kostnadsrekna til om lag kr 770.000, men det er ikkje noko umiddelbart behov for ei slik utskifting. Generelt må ein rekne med at alle bygningar, teknisk utstyr osv. har ein viss levealder og at det må reknast kostnader til oppgradering eller utbetring i løpet av livsløpet. Det er ikkje gjort større byggtkniske endringar av Blomvåg skule i samband med dei beskrivne rehabiliteringstiltaka jf oppfølgingspunkt i UTL 29.04.21.

I samband med tilsyn etter miljøretta helsevern er det og pårekeleg at tilsynsrapporten vil peike på tiltak som må gjennomførast før vidare godkjenning. Truleg vil ikkje tilsynsrapporten gje pålegg om anna enn mindre tiltak.

Balansført verdi på skulebygga

Rong skule

Beskrivelse	Start avskr.	Oppr. ansk.	Oppr. avskri	Akk.verdi
RONG SKULE- PÅKOST 1995	199601	1 230 815	783 921	446 894
RONG SKULE - PÅKOST 1997	199801	1 888 460	1 074 577	813 883
RONG SKULE - PÅKOST 2000	200101	6 695 429	3 653 113	3 042 316
RONG SKULE VEDLIKEHALD 2005	200601	23 880	8 955	14 925
RONG SKULE DRIFT/VEDLIKEHALD 2006	200701	5 152 690	1 803 438	3 349 252
RONG SKULE PÅKOSTNAD 2007	200801	1 520 658	494 208	1 026 450
RONG SKULE VEDLIKEHALD 2009	201001	21 863	6 017	15 846
OMBYGGING RONG SKULE TOALETT 2009	201001	76 675	21 087	55 588
RONG SKULE	199301	7 106 656	5 026 065	2 080 591
RONG SKULE(UTVID.AV TOALETTER)	201101	1 854 810	463 700	1 391 110
RONG SKULE OMB. IHHT. BRANNSYN 2011 (1110)	201201	553 949	124 641	429 308
UTEOMRÅDE RONG SKULE (1309)	201401	252 288	176 603	75 685
OPPARBEIDING NYTT UTEOMRÅDE RONG SKULE (I141)	201601	839 385	104 920	734 465
BALLBINGE RONG SKULE (I1514)	201601	1 085 328	135 665	949 663
UTVIDING RONG SKULE - PLAN (I1417, I1508)	201501	694 221	78 005	616 216
UTVIDING RONG SKULE (I1523)	201601	4 714 923	589 365	4 125 558
UTVIDING RONG SKULE(I1604 OG 61604)	202001	53 013 567	1 325 339	51 688 228
GYMSAL RONG SKULE (61704)	202001	25 961 464	670 252	25 291 212
KJØP RONG BEDEHUS TIL RONG SKULE	201901	1 000 000	50 000	950 000
SUM				97 097 189

Tjeldstø skule

TJELDSTØ SKULE (1401)	201701	78 838 284	7 883 828	70 954 456
LAGER TJELDSTØ SKULE (61702)	201901	19 950	998	18 952
NY SKULE TJELDSTØ REGULERINGSPLAN 2007	200201	305 794	91 738	214 056
NY SKULE TJELDSTØ REGULERINGSPLAN 20008	200901	42 963	42 963	0
TJELDSTØ SKULE (FORPROSJEKT)	201201	1 203 829	300 957	902 872
NY SKULE TJELDSTØ 2011 (237)	201201	484 411	108 990	375 421
NY SKULE TJELDSTØ (FORMINNE) 2011 (238)	201201	2 175 577	489 501	1 686 076
TJELDSTØ SKULE - UTGRAVING 2012 (1206)	201401	2 862 557	500 948	2 361 609
TJELDSTØ BARNESKULE 2012 (1212)	201401	1 687 638	295 337	1 392 301
SUM				77 905 743

Blomvåg skule:

BLOMVÅG SKULE	199801	47 680	28 386	19 294
BLOMVÅG SKULE PÅKOSTNAD 1999	200001	1 247 038	702 344	544 694
BLOMVÅG SKULE PÅKOSTNAD 2001	200301	6 518 016	3 096 050	3 421 966
BLOMVÅG SKULE PÅKOSTNAD 2002	200301	19 006 811	8 553 060	10 453 751
BLOMVÅG SKULE PÅKOSTNAD 2003	200401	2 346 421	997 237	1 349 184
BLOMVÅG SKULE VEDLIKEHALD 2004	200501	37 662	15 072	22 590
BLOMVÅG SKULE PÅKOSTNING 2006	200701	499 036	174 664	324 372
BLOMVÅG SKULE INVESTERINGAR 2007	200801	126 941	41 262	85 679
BLOMVÅG SKULE(NYE LEKEAPPARAT)	201101	220 480	55 120	165 360
BLOMVÅG SKULE(BALLBINGE)	201101	454 846	113 710	341 136
LEIKEAPPARAT V/ BLOMVÅG SKULE (I1605 OG 61605)	201901	473 009	23 650	449 359
INFRASTRUKTUR BLOMVÅG SKULE	202001	10 144 392	0	10 144 392
SUM				27 321 777

Som det kjem fram av tabellen over har Rong skule ein balanseført verdi på vel 97 mill., Tjeldstø om lag 78 mill. og Blomvåg vel 27 mill. Det er mange postar som saman utgjer balanseført verdi, og denne oversikta viser alle postane, også dei som ikkje utgjer rein bygningsmasse. Når det gjeld resterande lån er ikkje dette ført mot kvart einskild bygg eller prosjekt, slik at det ikkje kan framskaffast ei oversikt over kva som eventuelt står att å betale på opptatt lån mot skulebygga.

Skulen i nærmiljøet

Blomvåg skulekrins består av bygdene Blomvåg, Herdlevær, Oen og Breivik. Frå 2003 har desse bygdene vore ein skulekrins og «Det Gule Huset på Høgseto» er, og har vore, den naturlege samlingsstaden for skulekrinsen. Bygdene som utgjer Blomvåg skulekrins har om lag 1100 innbyggjarar. I tillegg til skulen finn ein to nye private barnehagar, Blomvåg kyrkje, kystmuseet og brannstasjon.

Næringslivet i krinsen er sett saman av framtidsretta verksemdar knytt til fiskeri, olje, gass og «det grønne skiftet» (CO₂-anlegg). Desse verksemdene er Blom Fiskeoppdrett AS, MOWI avdeling Naturgassparken, Equinor sitt anlegg på Kollsnes, og Northern Lights (CO₂-anlegget). Arbeidspendling er allereie omtala i eit eige avsnitt tidlegare i saksframlegget.

Frå 1878 og fram til dagens dato har skulen på Blomøy vore ein viktig og mykje brukt institusjon for folket. Blomvåg skule er i dag veileigna som møtestad for utvikling av kulturelle aktivitetar inne og ute. Skulen sin gymsal, musikkrom, kjøkken, og sløydsal gjer skulen veileigna som arena for ulike aktivitetar året rundt. I tillegg til skulen sin eigen bruk, har idrettslag, frivillige organisasjonar, kor, korps, og kulturskulen regelmessige aktivitetar på skulen. Øygarden musikkorps for barn og unge, Blomvåg skulekorps for vaksne, Skjergard idrettslag, og Sotra sykkelklubb har aktivitet i skulebygget.

I 2020/21 har skulen fått ein ny, stor og moderne barnehage som nabo. Samspelet mellom skule og barnehage og utviklinga av eit utvida «oppvekstsenter» er godt i gang. Det er i denne perioden også bygd ut ny infrastruktur ved skulen i form av ein ny hjertesone, tilførselsveg, og nye parkeringsplassar med god ladekapasitet for el-bilar. Uteområdet ved skulen og barnehagen er utbetra og framstår som eit godt og variert leikeområde for barn og unge.

Rong skule og Tjeldstø skule har sine nærmiljø. Dei ligg ikkje så langt frå Blomvåg skule, men langt nok til at det truleg vert eit sakn for eit nærområde som har hatt skulen i nærmiljøet så lenge og på ein opplevd god måte.

Om kommunen legg ned Blomvåg skule, men beheld bygget, kan det framleis vere eit knutepunkt for bygda og større deler av kommunen, då også på dagtid.

Barnet sitt beste

Dersom Blomvåg skule vert lagt ned, og elevane flytta til Rong og Tjeldstø, vil det medføre endringar for elevane. Elevgruppa på Blomvåg skule vil verte delt etter kvar dei er busett i skulekrinsen. Dette vil kunne medføre at vener frå Blomvåg skule må gå på kvar sin skule, dersom dei bur høvesvis sør og nord i dagens skulekrinsen. Samstundes er dei delte etter adresser, slik at ein får tilhøyrighet på

same måte som ein gjerne får elles: Ut frå det nabolaget ein bur i. Det er som vanleg høve for føresette til å søkje om plass for sine born ved annan skule enn nærskulen etter gjeldande reglar. Desse reglane er knytta til at det må vere plass ved den tilsøkte skulen, og til no har det også vore eit vilkår at eventuelle ekstra skyssutgifter vert dekkja av heimen. Vedtaka om dette vert gjort av rektor ved den skulen dei søkjer seg til. Det er klagerett på slike vedtak, i tråd med forvaltningslova.

For mange av elevane vil ei endring av skulestruktur og flytting til ein ny skule gå greitt, medan det for ein del av elevane vil vere meir utfordrande. Dette gjeld særskild elevar som har behov for tryggleik og stabilitet i kvardagen, saman med kjende vaksne. Det er likevel viktig å understreke at dei fleste elevar taklar endringar ved skulebyte på ein god måte, og etablerer nye venskap og relasjonar på ny skule. Vaksne sine haldningar til dette, speglar seg ofte slik at elevar kan verte urolege om dei vaksne er det. Det er grunn til å tru at ved ei eventuell nedlegging vil tilsette frå Blomvåg skule få sin arbeidsplass ved Rong og Tjeldstø skular i all hovudsak. Det kan medverke til å skape tryggleik for elevane som blir overflytta.

Dersom Blomvåg skule vert lagt ned er det viktig å bruke tida godt for å skape best mogleg overgang for elevane. Rektorane og tilsette på dei tre skulane har eit særleg ansvar for at elevane får gjere seg kjende på nye skular og med nye elevar. Føresette som ofte kan kjenne seg utrygge på kva som ventar borna deira, treng også å tryggjast og få god informasjon, slik at dei kan trygge sine born. Elevane frå Blomvåg skule skal kjenne seg velkomne på skulane dei eventuelt flyttar til: Dei skal oppleve å bli inkludert i eit læringsmiljø som skal gje gode mogleikar for læring både fagleg og sosialt.

Det er ikkje gjort vurderingar av farleg skuleveg. Det er likevel store delar av den nye skulevegen for noverande Blomvågelevar, som ikkje har gang- og sykkelveg, samstundes som vegen har mykje trafikk og tungtransport.

Konsekvensar for personalet

I arbeid med nye skular er det ofte planlagt for større skular, for å sikre eit stort pedagogisk fellesskap. Ei nedlegging av Blomvåg skule vil nok ikkje føre til at Rong skule og Tjeldstø skule vert det ein kan kalle store skular, men dei får begge større pedagogiske fellesskap. Det kan også vere lettare å rekruttere til større einingar enn til små einingar.

Det er i dag (skuleåret 2020/21) 9,3 lærarårsverk på Blomvåg skule. Dersom elevane frå Blomvåg vert flytta til Tjeldstø og Rong, vil desse skulane ha behov for å auke sin lærarkapasitet med tilsaman 6,8 årsverk pr hausten 2021. Dette fører til at mange av lærarane på Blomvåg skule vil få tilbod om tilsetning på desse skulane. Det er også naturleg å rekne at det vil opne seg ledige stillingar på andre skular. Talet for 2022/23 kan vere noko endra, men ikkje større enn at det som framkjem her kan nyttast som informasjon i saka.

Kommunen har elles reglar for korleis ein skal handtere overtalige fast tilsette, der kompetanse og ansiennitet til vanleg er dei styrande prinsippa. Dei fleste ved skulen har fast tilsetning og fleire års anisennitet.

Framtidig skulestruktur

Kommunen er midt i ein omfattande prosess med å utarbeide ny samfunnsdel til kommuneplanen, og arbeidet er venta ferdigstillt på nyåret 2022. Samfunnsplanen er eit viktig verkty for kommune, og handlar om korleis vi skal utvikle tenestene og leggje til rette for god samfunnsutvikling. Planen vil også gje føringar for vidare utvikling og organisering av skuletilbodet i kommunen.

I den sørlege delen av kommunen, i tidlegare Sund kommune, vart det gjort ei slik heilskapleg endring før kommunesamanslåinga. Der vart det satsa på større einingar i nye, moderne bygg.

Økonomiske konsekvensar

Innsparingspotensiale

Det er rekna på innsparingspotensiale ved nedlegging av Blomvåg skule, og flytting av ein del fleire elevar til Rong enn til Tjeldstø. Som grunnlag for innsparinga er elevtalet i dei nye klassane på Rong og Tjeldstø lagt inn i tildelingsskjemaet for ressursar, og det er sett på korleis dette utløyser nye klasser og grupper. Innsparinga kjem fram som skilnaden mellom personalressursane til Blomvåg skule og dei ekstra personalkostnadane med å auke elevtalet på Rong og Tjeldstø. Ein reduksjon frå tre til to skular gjer ein samla årleg reduksjon i personalkostnader på om lag 3 250 000 kr. Ein har då rekna på reduksjon i lærartimar, assistentimar, leing, og merkantil. Tala tek utgangspunkt i tala vi har for hausten 2021.

Utgifter til skuleskyss aukar med kr 500 000 årleg basert på tala for 2021. Ved flytting av elevane til nye skular må ein god del nye elevar få tilbod om skyss. Dette vert gjeldande om skulevegen til Tjeldstø og Rong vert klassifisert som særleg farleg skuleveg.

Utrekning av kostnadar er gjort for skuleåret 2021/22. Desse kan nyttast som prognosar også for 2022/23 og vidare.

Økonomkonsekvensar av å leggje ned Blomvåg skule, flytte elevar til Tjeldstø og Rong			
	3 skular- utgifter	2 skular- utgifter	Innsparing
Rektor	2 700 000	1 800 000	900 000
Avdelingsleiar	675 000	640 000	32 000
Lærar	21 285 000	19 418 000	1 868 000
Assistent	4 743 000	4 573 000	173 000
SFO leiar	360 000	240 000	120 000
Kontorpersonell	735 000	600 000	135 000
Sum personalkostnader	30 498 000	27 271 000	3 228 000
Skyss	513 000	1 007 000	-494 000
Driftskostnadar bygg Blomvåg		-1 554 000	1 554 000
Total summering:	31 011 000	26 724 000	4 288 000

Utdjuping av kostnadar knytt til bygget:

Eigedomsavdelinga har sett på kostnader til drift av bygget Blomvåg skule. Samla årleg innsparing er rekna til om lag 1,5 mill. Føresetnaden for denne innsparinga er at bygget ikkje lenger er i eige av kommunen, og at kommunen ikkje har utgifter på bygget. Om bygget skal behaldast må det på sikt investerast i større utbetringar som nemnd tidlegare i saka.

Utgifter til drift og vedlikehald på Blomvåg skule:

Vaktmeisterstilling:	250 000
Straum:	190 000
Serviceavtalar, reparasjonar og vaktmeistertjenester:	93 000
Forsikring:	21 500
Kommunale gebyr og renovasjon:	150 000
Vedlikehald av utstyr bygg/anlegg:	50 000
Nettoutgifter til reinhald	800 000
Ca. samla utgifter drift og vedlikehald:	1 554 500

Vekting mot andre aktuelle innsparingstiltak

Kommunedirektøren vil komme attende til alternative innsparingstiltak i samband med budsjettprosessen for 2022.

Vurdering

Nedlegging av Blomvåg skule vil ha ei stipulert årleg samla innsparing på kr 4,3 mill under føresetnad av at kommunen ikkje har utgifter på bygget etter nedlegging av skulen. Summen er basert på dagens elevtal, og vil kunne endre seg ut frå endra elevtal. Det er ikkje teke omsyn til eventuelt sal av bygget i denne saka. Ei nedlegging av Blomvåg skule vil nok ikkje føre til det ein kan kalle stordriftsfordelar, men det er likevel ei innsparing ein ikkje kan sjå vekk i frå.

Eit argument for å leggje ned Blomvåg skule frå skuleåret 2022/23 er knytt til at kommunen er i ein vanskeleg økonomisk situasjon, og er nøydd å vektlegge økonomi i vurderingane sine, også når det gjeld skulestruktur. Å lage ein helskapleg plan kan ta for lang tid, når ein treng raske innsparingstiltak. Den sørlege delen av kommunen har allereie lagt om til større skuleeiningar i nye, moderne bygg. Nedlegging av Blomvåg skule kan vere å sjå på som ein del av ei større harmonisering av skular i den nye kommunen. På den andre sida kan det vise seg å bli uheldig og sjå på ein skule, lausriven frå ein helskapleg plan.

Større fag- og læringsmiljø ved skulane kan gje nytte inn i til meir effektiv drift. Større faglege fellesskap og læringsmiljø kan og gjere det lettare å rekruttere lærarar med rett fagkompetanse.

Argument mot å leggje ned Blomvåg skule skuleåret 2022/23, er mellom anna knytt til at Blomvåg er ein relativt stor skule med stabil elevmasse framover. Bygget er nyleg rehabilitert og framstår svært bra for elevar, tilsette og foreldre. Bygget har ein unik omgjevnad, kor synergiane til barnehagen og bygda elles i praksis, skjer på måtar som gjev inspirasjon til andre mindre bygder, i ein kommune som ynskjer å halde liv i anna enn det sentrumsnære. At to andre skular i nærområdet har kapasitet til å ta i mot fleire elevar, kan her nyttast som eit argument for at det er trong for langsiktige gode planar knytt til effektiv skuledrift. Det bør leggjast til grunn gode talanalyser før ein kan avgjere kvar nye skular skal byggast og kva skular som skal leggjast ned.

Vidare er det eit argument for Blomvåg skule sin vidare eksistens, at kommunen har framtidig næringsvekst i nærområdet knytt til CO2-fangstanlegg i kommunen. Det er vanskeleg å gje sikre analyser når det gjeld framtidig næring og korleis dette påverkar framtidige elevtal, men likevel er det grunn til å tru at det kan ha tyding for krinsen.

Dersom kommunestyret vedtek å leggje ned Blomvåg skule frå skuleåret 2022/23, må det samstundes gjerast vedtak om skulekrinsendring for det området som i dag soknar til den aktuelle skulen, dersom det ikkje skal utløysast ny høyring. Kommunedirektøren tilrår at kommunestyret vedtek endring i skulekrinsar slik det er lagt til grunn i utgreinga: Tjeldstø skulekrins vert utvida sørover til å gå til Osundet. Rong skulekrins vert utvida nordover til Osundet.

Kommunedirektøren meiner det er argument både for og mot nedlegging av Blomvåg skule. I lys av ei av helskapleg vurdering av økonomi, byggmasse, effektiv drift, harmonisering mot større skuleeiningar i moderne bygg, vil det måtta gjerast endringar i skulestrukturen i Øygarden kommune framover. Samstundes held kommunen no på med eit stort og godt arbeid knytt til å få ein helskapleg samfunnsplan for kommunen. På denne bakgrunnen vert det lagt fram to alternative forslag til vedtak:

Alternativ A:

Kommunestyret vedtek å ikkje legge ned Blomvåg skule.

Alternativ B:

1. Kommunestyret vedtek å leggje ned Blomvåg skule frå skuleåret 2022/23.
2. Som følgje av nedlegging av Blomvåg skule vedtek kommunestyret følgjande justering av skulekrinsgrensa mellom Rong og Tjeldstø: Tjeldstø skulekrins vert utvida sørover til å gå til Osundet. Elevane nord for Osundet soknar til Tjeldstø skule. Rong skulekrins vert utvida nordover til Osundet. Elevane sør for Osundet soknar til Rong skule. Dette gjeld også frå skuleåret 2022/23.

Saka skal på høyring og det kan komme fram viktig informasjon i høyringsinnspela som ikkje er teke omsyn til i sakshandssaminga.

Samfunnsplanen sin heilskaplege analyse bør vere utgangspunktet for viktige avgjersler for innbyggjarane. Det er viktig med føreseielege prosessar på avgjerder som har så stor innverknad på relativt mange av kommunen sine innbyggjarar. På bakgrunn av dette og informasjonen som elles føreligg på noverande tidspunkt, vil kommunedirektøren tilrå å ikkje leggje ned Blomvåg skule skuleåret 2022/23 og tilrå alternativ A.